

Eit vennskap

Ellingsøy, 20.februar 2013

Frå eg var så lita at eg mest ikkje kan hugse det, likte eg at mor eller far leste høgt for meg. Eg ville gjerne høyre forteljingar og dikt om att og om att, til eg kunne deklamere og framføre for den som ville høyre.

Mor fann visst ein sport i dette å lese til eg kunne alt utan bok, og ved skulestart var fleire dikt og prosatekstar innlært, mellom andre Garborg si Haugtussa . I 1961 kjøpte mor "Røyskatten og andre barnerim" av Jan-Magnus Bruheim, ei diktsamling som hadde fått prisen for beste barnebok det året. Eg lærte meg ein del av dikta og hadde mykje moro av å deklamere desse på ulike tilstellingar rundt ikring .

Bruheim heldt Sunnmørsposten og leste om denne jenta som underheldt med dikta hans. Eg fekk eit hyggeleg brev, der han tydeleg sette pris på det eg dreiv med, og far min avtala møte mellom meg og det eg trudde var ein "moromann".

Vi køyrde til Lundagrendi i Skjåk, der vi vart møtt av ein alvorleg kar i busserull og alpelue. Det første eg tenkte før han presenterte seg, var at dette sikkert måtte vere far til dikteren, og vart derfor nokså skuffa då eg skjønna det var Bruheim sjølv. Denne karen som eg visste var så full av ord, han let det mest ikkje koma ut eit einaste eitt! Vi vart med inn, der far hans låg i ei seng, og veggane var fylt med bøker frå golv til tak. Eg hugsar ikkje så mykje anna frå møtet enn at eg funderte på kvifor ein som hadde så mykje glede og undring inni seg, berre viste det på papiret.

Bruheim heldt fram med å sende meg kort og brev, og eg fann gradvis stor glede i å svare. Slik starta ein korrespondanse som gav meg innsikt i eit stort menneske sine tankar og ein diktar si gåve til å skrive. Eg hadde nynorsken med meg heimafrå, men skriveglede og språkinnsikt fekk ei god drahjelp gjennom denne kontakten. Diktaren sende meg bøker etter kvart som dei vart utgjevne, og eg gledde meg over kvar ny bok. Jan-Magnus vart ein viktigare del av livet enn eg sjølv var klar over. Etter kvart som eg vaks til, fann eg dikt som passa i alle fasar. Vaksenlyrikken vart viktigare med åra, men barnedikta hadde, og har, stor plass i hjartet mitt. Det er nok ikkje berre fordi det var der det starta, men fordi dei har budskap til *menneska*, uansett alder.

Då eg vart lærar i 1974, gjorde eg som foreldra mine, eg leste høgt til elevane mine, og i leseopplæringa vart Jan- Magnus sine dikt mykje brukt. Her kunne lesesvake elevar finne glede i å kjenne att, lære utanboks og framføre, minst like godt som meir lesesterke elevar. Dette igjen auka kjensla deira av meistring, og motivasjonen til å lære seg lesekunsten vaks.

Den første klassa mi vart også Jan-Magnus si klasse, han følgde med på utviklinga deira gjennom brev. Telefonsamtalar var aldri særleg vellukka, for Jan-Magnus sa han venta ein del på dei rette orda, noko som kunne føre til at personen i andre enden måtte vente lenge... Han kunne vere svært ironisk om seg sjølv.

I 1978 sende "klassa vår" ein kassett med innlesne dikt til J-M. Han svara raskt med kassett der han snakka til dei, og roste dei for deklameringa. Han meinte sjølv at stemma hans vart som ein "morkna trestubbe" samanlikna med deira. Dette vart det mykje humring rundt, og elevane ville som eg i 1962, møte denne moromannen.

Vi inviterte Jan-Magnus på besøk, og eg prøvde førebu dei på at han var stillare i rommet enn på papiret, utan at dei trudde på meg. Dagen for besøk kom, og ein alvorleg mann i brun dress stod ved døra i klasserommet. Det var opne, livlege elevar, og dei prøvde seg med ulike tilnærmingsord og fakter, men diktaren berre stod der, heilt stille, og såg i taket. Til sist stilna klassen, og alle blikk var festa til Jan-Magnus sin "flekk" i taket. Då snakka mannen, og tilhøyrarane var musestille og trollbundne. Diktaren vart deretter med dei i friminutta, dei hang rundt han og likte ikkje at han skulle ta ein tur innom andre klasser og. Ein ung kar banka på i naboklasserommet og sa: " De får ikkje ha han lenge, for han er VÅR!"

Om ettermiddagen kima dørklokka og då eg opna lydde det: "Skal Jan-Magnus ut?" Og ut for han, leika og sparka fotball.

Det vart fleire besøk, og Jan-Magnus gav elevane bøker. Ein gong spanderte han og blautkake og brus saman med bokgåve. Då kunne ikkje diktaren vere der sjølv, men vi laga fest med langbord, og elevane heldt takketalar for dette "idolet" sitt. Ei av dei, Sylvia Lillebø, skreiv denne songen til festen:

"Vi kjenner ein diktar

så kjekk og så snill.

Når han pratar er vi alle still.

Han bur på ein stad der det aldri er bråk,

og staden, den heiter Skjåk.

Han har besøkt oss på skulen her,

minna i oss alle er.

Bilder vi tok og klemmar vi fekk,

før han ut av døra gjekk."

Eg fødte første barnet mitt i 1978, og Jan-Magnus trilla barnevogn. Seinare vart han ein kjær ven for mine to eldste og for elevane som vart kjend med han.

Han møtte andre klasser eg hadde, og vart med desse på ulike kulturarrangement. Mellom anna 17. mai - feiring her på Ellingsøy.

Kontakten med Jan-Magnus og dikta hans var og er svært verdifull for meg. Gjennom ulike fasar har eg funne dikt som har hatt noko å seie meg, alt frå oppmuntring, til tankevekking.

Eit av favorittdikta mine er "Liten gut fortel". Dette har eg brukt i mange samanhengar, ikkje minst i samlingar for lærarar og sensorar. Om ein ikkje blir sett, kan det verte vanskeleg å vekse som menneske.

LITEN GUT FORTEL (frå Doggmorgon -77)

Eg fekk det ordet

eg var tverr

og lei og vrang

og sky og skjerr.

Eg ikkje anna

høyre fekk,

og sturen var eg

kvar eg gjekk.

Visst er eg vrang

og vond og sur,

men eg må vera

slik dei trur.

Så hende det

ein vakker dag,

at all ting fekk

eit anna lag.

Igjenom veggen
hørde eg
at nokon tala
godt om meg.

Eg ville ikkje
lyde på,
men stilte meg
så lett på tå –

og hørde før eg
smeit meg ut:
"Han er så grei
og gild ein gut."

Eg kvakk litt til,
men vart så glad
då eg fekk høyre
kva dei sa.

Eg gøymde meg
og stod og gret,
men alt ikring
vart ljost på let.

Og midt i gråten
tenkte eg,
at når dei trur
så godt om meg,

då skal eg jamen
syne dei
at eg kan vere
godt og grei.

Dei godord gjorde
dagen bjart.
Å du, kor hjartevarm
eg vart!

Først under gravferda til Jan-Magnus vart eg klar over kor gjensidig denne kontakten var. Då såg eg at bilete av meg og klassa framleis hang over senga hans.

I takksemd

Hildegunn Solberg Nes

To av elevane frå den første klassa, Sylvia Lillebø og Ingrid Gine Eidsvik seier dette om kontakten med Jan-Magnus:

Sylvia

Då eg gjekk i barneskulen på slutten av 1970-talet blei vi kjent med Jan-Magnus Bruheim sine fine barnedikt gjennom læraren vår, Hildegunn Solberg Nes. Ho leste og framførte dikta med stor innleving, og vi storkosa oss kvar gong. Det gjekk mykje på "Museleven" og "Nypoteta".

Vi var også så heldige at vi fekk fleire diktbøker kvar frå Jan-Magnus Bruheim i løpet av dei neste åra på skulen, og vi framførte sjølv utvalde favorittar, både framfor medelevar og på foreldrefester ol.

Vi blei inspirerte og laga også eigne små dikt som vi framførte. Til jul eit år leste vi inn og sendte kassett med diktlesinga vår til Jan-Magnus (julegåve til han).

Han besøkte oss fleire gongar, og desse møta betydde mykje.

For min del har diktskriving blitt min måte å uttrykkje meg på i ulike samanhengar seinare i livet.

Til "spørjarsøndag" før konfirmasjonen i -82, skreiv eg ein salmesong som vi framførte i kyrkja. Eg brukte dikt på opptaksprøven til kunstskulen i -91, seinare på eksamensoppgåva mi på Visuell Kommunikasjon i -95 og ikkje minst som "epilog" på CVen min då eg søkte etter jobb i -96 (i den stillingen eg framleis har). Eg skrev også ei lita heimelaga diktbok i nokre eksemplar som eg ga bort som julegåver i -99. Eit av desse, Millennium, leste eg også opp på ei radiosending.

Det har alt i alt blitt ein del av meg, denne uttrykks- og skrivemåten igjennom heile livet mitt. Eg finn stadig små "situasjonsdikt" i notatbøker, skulebøker og "stemningsdikt" skribla på skisser/teikningar og på små lappar i øskjer og skuffer heime.

Eg bruker framleis jamleg å skrive ned rim/diktstrofer (nå på mob.) oftast om det som opptar meg, både på godt og vondt.

Eg får liksom letta sinnet på ein fin måte og sagt så mykje meir, men med færre ord."

Helsing

Sylvia

Ingrid Gine

Då eg starta på Grimstad Barneskole i 1974, var Hildegunn Solberg Nes kontaktlæraren min. Ho hadde teke del i ein talentkonkurranse då ho var heilt ung, der ho las dikt av Jan Magnus Bruheim. Hildegunn vann denne konkurransen og kom slik i kontakt med Bruheim. Hildegunn las mykje og deklamerte ofte til oss, ofte dikt skrivne av Jan Magnus. Ho gjorde det med ei slik innleving at vi vart mållause og interesserte. Då vi gjekk i 3-4 kl, ca 10-11 år, tok Hildegunn kontakt med Bruheim. Vi i klassa hennar vart introduserte for denne kloke og skildrande mannen. Vi las inn dikta hans på kassett og sende til Jan Magnus.

Jan Magnus sette pris på det vi hadde sendt, og kom på besøk. Det var stor stas, både for oss og for han. Vi fekk bøker i gåve og hadde eit kjekt første møte. Bruheim var slik eg opplevde han ein beskjeden og klok mann. Eg vart allereie då fascinert av det han hadde skrive, og hadde lyst å bli betre kjend, både med han og med diktinga hans. Kontakta eg hadde med Jan Magnus vart viktig for meg. Eg vart gjennom diktinga hans, breva hans og møta med han oppteken av nynorsk som skriftspråk. Diktaren og mannen Jan Magnus lærte meg å sjå det levande og skildrande språket. Vi hadde tett og jamnleg kontakt pr. brev over fleire år – heilt til han døydde - og møttest og nokre gongar. Kvar jul fekk eg nye bøker i gåve, noko som vart ein rikdom for meg. Brev og bøker er tekne godt i vare. Dette er verdifullt for meg, og vert ofte lese.

Kjennskapen til Jan Magnus som person og diktinga hans, var og er verdifullt for meg. Det var og er svært viktig for meg vedkommande forholdet mitt til nynorsk og det å skrive. Mor var svært oppteken av at eg skulle bli glad i å skrive, glad i å formulere meg. Ho skreiv på nynorsk, og snakka om det. Dette i tillegg til at Jan Magnus vart ein del av kvardagen min gjennom dei viktigaste åra av oppveksten min, gjorde at eg såg på språket og bruken av nynorsk som noko verdifullt og viktig. Gjennom brev og dikting, såg eg kor levande og skildrande språket vert gjennom det nynorske skriftspråket. Bruheim formidla gjennom brev og dikting ein klokskap og moral på ein slik var og flott måte. Han brukte eit levande og skildrande språk som gjorde at alt vart så rikt og spesielt, verdifullt

og viktig for meg vidare. Eg er svært takksam for at eg vart kjend med Jan Magnus. Han var ein heilt spesiell person som eg vart svært glad i. Eg tenkjer ofte på han.

Ingrid Gine Eidsvik